



UNIVERSITETET I BERGEN

DET HUMANISTISKE FAKULTETET

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Bergen 24.02.2011

Språkrådet

Rettskrivingsnemnda for nynorsk

Høyringsfråsegn om revidert nynorskrettskriving

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) sender her sine merknader til innstillinga «Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet». Førsteamanuensis i nordisk språkvitskap Torodd Kinn har hatt ansvaret for å leie arbeidet med høyringsfråsegna frå instituttet. Fråsegna er drøfta i dei nordiske fagmiljøa ved instituttet. Dei andre fagmiljøa ved instituttet har vore inviterte til å komme med innspel, men har ikkje gjort det.

Per Buvik

instituttleder

Torodd Kinn

førsteamanuensis

Vedlegg:

1. Høyringsfråsegn frå LLE
2. Fagleg utgreiing: «Alternativ til pronomenet *de-dykk* og possessivet *dykkar*» av Torodd Kinn

Høyringsfråsegn om revisjon av nynorskrettskrivinga
frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen
24. februar 2011

A Allmenne merknader

Framlegget frå nemnda byggjer på premissen i mandatet om at skiljet mellom læreboknormal og rettskriving skal avviklast i nynorsk liksom det vart gjort i bokmål i 2005. Delar av fagmiljøet vårt stør avviklinga, medan andre meiner skiljet burde førast vidare. Det same gjeld det generelle målet om innstramming. Argumenta for og imot er velkjende og treng ikkje å takast opp att her. I denne fråsegna legg vi til grunn måla i mandatet, men vil understreke at fleire er kritiske til mandatet og premissane for det.

Nemnda fortener stor ros for å ha gjennomført ein open prosess. Og sjølv om vi ikkje stør alle detaljar i framlegget frå nemnda, held vi med nemnda i det meste. Nemnda har gjort eit godt og grundig arbeid og har lagt fram ei ryddig innstilling. Delar av fagmiljøet er rett nok kritiske til den store vekta nemnda har lagt på bruk av former i skriftleg praksis, framfor talemålsutbreiing. Skriftpraksisen er allereie «sensurert» og speglar i større grad offisiell (og privat) normering enn dei nynorskskrivande sine preferansar. For somme delar av innstillinga kunne vi nok ideelt sett ha ønskt oss betre empirisk og normeringspolitisk underbygging. Men vi ser samstundes at nemnda har måtta arbeide raskt, og at grundigare utgreiingar ikkje nødvendigvis ville ha gjort dei vanskelege avgjerdene særleg mykje enklare.

Vi saknar ein diskusjon av kor langt krava til konsekvens skal strekkjast, og vi oppmodar nemnda om å gå inn for ei liberal linje på nokre punkt. Det gjeld særleg *-e/-ent* i adjektivformer som *ope* vs. *gebrokkent*, blanda bøying og stavemåte med og utan *j* i ulike klassar av ord, og kanskje òg infinitivsendinga (men det er ulike meiningar om det siste).

Ei stram norm oppnår ein først og fremst ved å redusere mengda av gjennomgåande valfridom i det grammatiske systemet, særleg alternative suffiks i substantiv- og verbbøying. Vi stør difor dei fleste av framlegga frå nemnda om innstrammingar i formverket (del 3 av innstillinga). Vi er likevel uroa over at talemålsgrunnlaget vert såpass sterkt innsnevra i høve til austlandske, trønderske og nordnorske målføre, slik at den nye norma får eit sterkare vestlandsk preg. Dette gjeld t.d. infinitiv og passive/resiproke verb.

Det er langt mindre innstramming å hente ved stryking av einskildformer av røter. Med omsyn til lydverket (del 2 av innstillinga) meiner vi difor at nemnda kunne ha gått litt

mindre hardhendt fram, og vi har ein del framlegg om former som vi meiner at ein bør la stå i rettskrivinga.

Vi har valt å gje tilbakemelding på alle underpunkt i del 2 og 3 av innstillinga.

Nemnda bed om tilbakemelding på ti vanskelege punkt. For ordens skyld set vi dei opp her òg.

Framlegg frå nemnda	Støtte frå oss?	Merknader
Berre <i>-leg</i> , ikkje <i>-lig</i>	NEI	
Berre <i>-stilling</i> , ikkje <i>-stelling</i>	JA	
Valfri <i>j</i> i visse grupper av ord	JA	
Eineformer med diftong i ein del ord		jf. nedanfor
Eineformer med dobbel konsonant i ein del ord	JA	
Valfri samsvarsbøying av svakt perfektum partisipp	JA	
<i>Dykk</i> som subjektsform attåt <i>de</i>	NEI	heller <i>dokker–dokker</i> og <i>dokkers</i>
Stryking av <i>skole</i> , <i>mye</i> , <i>noe(n)</i> , <i>bare</i>		jf. nedanfor
Stryking av kløyvd infinitiv	JA?	kan eventuelt «reddast» ved lemping av konsekvenskrav
Stryking av <i>i</i> -målsformer	JA	

B Merknader til dei einskilde punkta i framlegget frå nemnda

2 Lydverket

2.1 Vokalisme

2.1.1 Variasjon mellom to vokalar

Vi stør framlegget på dei fleste punkt. Men som nemnt i dei allmenne merknadene, er det nokså lite å hente på å stramme inn på enkeltord. Vi går inn for at følgjande former med til dels vid talemålsutbreiing må bli ståande i rettskrivinga, og framfor alt dei som er understreka:

a/e: alter (*altar* kan heller gå ut), hjerte (jf. pkt. 3.1.6 om bøying), ev. *hanga*

a/o: vold, volda

a/å: mala ('farge')

e/i: *sev*; ikorn, ev. *lippe*, *tri*

o/u: smolt ('svinefeitt', jf. *smoltring/smultring*)

u/y: skynda

2.1.2 Diftong eller monoftong

Her meiner vi at nemnda går for langt i innstramminga. Det er særleg tre klassar av ord der vi meiner det framleis bør vere tillate med monoftong:

(a) *au/o* framfor *m*; iallfall må ikkje *flom* og *flomma* strykast

(b) *ø/øy* framfor *m*

(c) *ø/øy* framfor *r*; mange av formene her er mykje brukte og må få stå

(d) Forma *ty* er mykje brukt og bør bli ståande ved sida av *tøy*.

Prioriteringa av diftongformer vert tilsynelatande gløymd for verbet *skjøtta/skøyta*, som er handsama i pkt. 2.4.2. Forma *skøyta* bør bli ståande (jf. *skøytelaus*).

2.2 Konsonantisme

2.2.1 Enkel eller dobbel konsonant

Vi stør framlegga frå nemnda.

Vi har ikkje innvendingar mot endra bøyning for *setja* og *sitja*, men meiner dei bør handsamast i avsnitt 3.4.9 om bøyning av nokre enkeltverb.

2.2.2 Annan konsonantvariasjon

Vi stør framlegget med eitt unntak: Vi meiner at *mod* og *moda* bør få stå (og likeins *motig* den andre vegen i pkt. 2.4.2, jf. dessutan *oppmoda*).

2.3 Former med og utan j etter g og k

Vi stør alle framlegga om valfridom i dei ulike underpunkta her.

Når det gjeld verbalsubstantiv som *bygg(j)ing*, er det ulike syn.

Vi oppmodar om at krava til konsekvens mellom ord i desse klassane vert minimale. Det må vere tillate å bruke t.d. *byggja* og *enke* i same tekst, og helst òg t.d. *byggja* og *tenka*.

2.4 Skrivemåten av ein del enkeltord

2.4.1 Substantiv med valfri utgang på -e

Vi stør framlegget frå nemnda, bortsett frå at *kahytte* godt kan få stå.

2.4.2 Andre enkeltord

Vi stør dei fleste framlegga, med desse unnataka:

(a) *Galenskap* må verte ståande i tillegg til *galskap*. Substantiv på *-skap* som er avleidde av adjektiv på *-en*, bevarer regelbunde endinga, jf. *heidenskap*, *dovenskap* o.a.

(b) *Skøyta* bør bli ståande liksom andre ord med diftong (jf. pkt. 2.1.2).

(c) *Sjukling* er eit leksikalisert ord. Substantiv på *-ing* vert danna produktivt av adjektiv ved behov (jf. *sværing*, *dumming*, *svarting* osv.). Det er difor ein systemfeil å utelukke *sjuking*, men det er kanskje heller ikkje nødvendig at det vert ordboksført. Om det vert ordboksført, må det ha sitt eige oppslag.

(d) *Motig* bør bli ståande liksom *mot* (jf. pkt. 2.2.2).

2.5 Nokre prefiks og suffiks med valfridom

2.5.1 Fore- el. føre-

Vi stør framlegget frå nemnda, men ein bør forenkla ved å tillate *forbilete* og *førebilde* (altså fri kombinasjon av *for-/føre-* og *-bilde/-bilete*, slik det er for alle andre ord på *for-/føre-*).

Nettsøk med google 18. februar gav høvesvis 1120 og 1150 treff på dei formene.

2.5.2 -stella el. -stilla

Vi stør framlegget frå nemnda.

3 Formverket

3.1 Substantiv

3.1.1 Hankjønnsord i fleirtal

Vi stør framlegget frå nemnda, sjølv om det er noko ulike syn på bøyinga av ord på *-nad*.

3.1.2 Sterke hokjønnsord i fleirtal

Vi stør framlegget frå nemnda.

3.1.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

Vi stør framlegget til nemnda, jamvel om somme meiner at *i*-målet burde få stå.

Det er viktig at det vert sagt tydeleg at *i*-endingane godt kan brukast i stadnamn sjølv om dei går ut av rettskrivinga. Dette gjeld òg fleire andre bøyingsformer av substantiv.

3.1.4 Eintalsbøying av svake hokjønnsord

3.1.5 Regelrett fleirtalsbøying av svake hokjønnsord

Vi stør framlegga frå nemnda på desse punkta.

3.1.6 Regelrett bøying av nokre inkjekjønnsord

Vi stør framlegget frå nemnda, bortsett frå at vi meiner *hjerte* bør få stå (jf. pkt. 2.1.1), med regelrett bøying: *hjerte–hjertet–hjerte–hjerta*.

3.1.7 Fleirtalsbøying av nokre enkeltord

Det undrar oss at ikkje fleirtal av *barn* er teke opp her. Vi går inn for at det framleis skal vere valfritt *barn–barna* eller *born–borna*.

Vi stør elles framlegget frå nemnda.

3.1.8 Fleirtalsformene av nokre historiske folkenamn

3.1.9 Innbyggjarnemningar

3.1.10 Vekedagane

3.1.11 Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*

Vi stør alle framlegga frå nemnda på desse punkta.

3.1.12 Framandord (importord) på *-um*, *-on*, *-us* og *-a*

Vi stør framlegget frå nemnda på dei fleste punkta.

Vi meiner ein godt kan tillate regelrett bøying av ord på *-eum* og *-ium*, t.d. *museum–museet/museumet–museum–musea/museuma* og *atrium–atriet/atriumet–atrium–atria/atriuma*.

3.1.13 Kjønn i substantiv på *-ing* og *-ning*

Vi stør det meste av framlegget frå nemnda.

Undersøkingar av talemålsutbreiinga (gjorde av Helge Sandøy) taler likevel for at følgjande ord bør vere valfritt hankjønn eller hokjønn: *bygning*, *frysning*, *gjødning*, *kledning*, *kokning*, *krusning*, *leidning*, *rivning*, *rydning*, *spenning*.

3.1.14 Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn

3.1.15 Substantiv på *-sel/-sle*

3.1.16 Substantiv på *-0/-er*

3.1.17 Nokre substantiv på *-vere/-vær*

3.1.18 Kjønn på substantiv med suffikset *-skap*

Vi stør alle framlegga frå nemnda på desse punkta.

3.1.19 Kjønn på *dialekt* og nokre andre ord

Vi føreslår at *dialekt* og andre ord på *-lekt* med tydinga 'språkvarietet' får valfritt hankjønn eller hokjønn med regelbunden bøyning. Hokjønn er vanleg i både tale og skrift.

3.2 Adjektiv og adverb

3.2.1 Adjektiv på *-en*

Vi stør framlegget frå nemnda, med to merknader:

(a) Framlegget om valfri ending *-e/-ent* i ubunde inkjekjønn eintal aktualiserer spørsmålet om alle slike adjektiv (utanom *liten*) treng å bøyast likt. I realiteten er det tale om to bøyingsklassar her. Orda er utgreidde i *Nynorskrettskrivinga* (2002: 70–74), og det er klart at det er stor skilnad i preferansar hos språkbrukarane i valet mellom t.d. *ope* og *opent* på den eine sida og *gebrokke* og *gebrokkent* på den andre. Dersom eit konsekvenskrav vert gjennomført, vil det truleg raskt føre til at alle formene på *-e* taper terreng, fordi former som *gebrokke*, *kriste* og *ulle* er framande for mange.

Det vil vere ei forenkling for språkbrukaren i samsvar med etablert språkbruk om ein seier uttrykkjeleg at det ikkje er nødvendig å bøye alle desse orda likt, men at det er greitt å kombinere t.d. *ope* og *gebrokkent*. Vi oppmodar difor nemnda sterkt om å seie uttrykkjeleg at det ikkje skal gjelde noko konsekvenskrav for desse adjektiva.

(b) Det går berre nokså indirekte fram i innstillinga at ubunde inkjekjønn eintal på *-i* går ut. Det må seiast uttrykkjeleg.

3.2.2 Komparativ og superlativ av visse stadadverb

Nettsøk på sider som òg inneheld *ikkje* og *kvifor*, syner at underst(e) er meir brukt enn undst(e). Desse formene bør difor bli ståande; ein kan ev. stryke undst(e).

Vi stør elles framlegget frå nemnda.

3.2.3 Skrivemåten av ein del preposisjonar og adverb

Det kan ikkje vere tvil om at *-a-* har større talemålsutbreiing enn *-an-* i ord som *inna(n)for*, og det er mykje brukt i skrift. Vi går difor inn for valfritt *-a-/an-* i alle ord der etterleddet byrjar på konsonant (òg i ord med himmelretning: *norda(n)for* osv.).

Vi stør elles framlegget frå nemnda.

3.2.4 Suffiks i adjektiv og adverb

Vi stør framlegget frå nemnda, med eitt unnatak: Eit fleirtal meiner *-lig* bør vere tillate attåt *-leg*.

3.2.5 Adjektiv med og utan binde-*e*

Vi stør framlegget frå nemnda.

3.3 Pronomen og determinativ

3.3.1 Pronomen

Det er ulike syn på strykinga av *honom*.

Om *de-dykk* og *dykkar*:

Vi stør ikkje framlegget om å innføre *dykk* som subjektsform attåt *de*. Derimot er det god støtte hos oss for å ta inn pronomen og possessiv med *o*. Torodd Kinn har skrive ei utgreiing om spørsmålet som vi legg ved fråsegna. Formsystemet *dokker-dokker* og *dokkers* er der vurdert som det best eigna alternativet til *de-dykk* og *dykkar* i ei ny nynorsknorm. Det er overregionalt (godt representert i Nord-Noreg og Trøndelag, på Vestlandet og i Vest-Agder) og er ekspansivt i moderne norske talemål, og formene er tydelege. Liknande former er dessutan brukte i stordelen av det nynorske kjerneområdet.

Vi vil her fokusere på to problem med *de-dykk* og *dykkar*:

- (a) Det første problemet er i all hovudsak eit kjennsapsproblem. Både sjølvne formene og skiljet mellom subjekts- og objektsform har lita og minkande talemålsutbreiing i moderne talemål. Dette fører til ein del feil blant urøynde nynorskbrukarar, med bruk av *dykk* som subjekt. Det vil oftast vere ei feilslutning å tolke bruk av *dykk* som subjekt som eit uttrykk for eit ønske om at dette skal vere tillate. Det er vanlegvis uttrykk for manglande kompetanse.
- (b) Det andre problemet er større for nynorsken som daglegspråk, fordi det er kjenslebasert. Mange opplever formene som framande og «rare», og sjølv om dei elles er glade i nynorsken, misliker dei nettopp desse formene. Det gjeld formene *dykk* og *dykkar* i høgare grad enn *de*.

Når orda er mislikte, kjem det av at andre person fleirtal særleg er nytta i personleg og privat kommunikasjon; det kan opplevast som spesielt vanskeleg å bruke talemålsframande former i nettopp slike språkbrukssituasjonar. Dette fører til unngåing, omskriving og dialektbruk – domenetap for nynorsken – i samanhengar der språket ikkje vert sensurert. Slike avvik syner (i motsetnad til feil bruk av *dykk* som subjekt) at det er ønske om å kunne skrive noko anna enn *de-dykk* og *dykkar*. Det er neppe tvil om at mange nynorskbrukarar i store delar av landet ville helse t.d. *dokker* velkommen og oppleve det som enklare å skrive nynorsk i meir personlege samanhengar med ei slik form, jamvel om ho ikkje for alle er heilt lik deira eiga talemålsform.

Dersom ein skal endre rettskrivinga, meiner vi at ein så langt det er råd, bør prøve å løyse begge problema ovanfor samstundes. Framlegget frå nemnda løyser problem (a), men gjer problem (b) større, sidan den upopulære forma *dykk* får større bruksområde. Ei slik endring kan vi ikkje gå inn for.

Innføring av *dokker-dokker* og *dokkers* løyser problem (a) og har godt potensial til å løyse problem (b) for mange brukarar av nynorsk både som hovudmål og sidemål.

3.3.2 Determinativ

Her meiner fleire at den føreslåtte innstramminga går for langt; talemålsgrunnlaget vert for snevert. Vi rår difor til at det vert vurdert igjen om ein kan la formene *hennes*, *deires*, *annen*, *noen* og *noe* bli ståande.

Om *dokkers* som alternativ til *dykkar*, jf. ovanfor.

Fleirtal og ubunde hokjønn eintal *ingi* er gløymt i oversynet over utgåande former.

3.4 Verb

Manglande moment i innstillinga: Det er ikkje sagt noko om blanda bøyning av verb som kan ha både *a-* og *e-*bøyning. Vi går inn for at blanda bøyning skal tillatast for slike verb, t.d. *bruka-brukar-brukte-brukt*.

Dersom ein hadde godteke den vidt utbreidde blanda bøyninga som jamverdig med andre svake bøyningstypar, hadde det dessutan vore mogleg å opne for slik bøyning av verb på *-era* (dvs. presens på *-ar*, t.d. *fotograferar/fotograferer*). Vi oppmodar nemnda om å vurdere dette, jamvel om vi innser at det strir mot målet om innstramming.

3.4.1 Infinitiv

Det er ulike syn hos oss i spørsmålet om kløyvd infinitiv.

Ei stram norm tilseier at tre ulike infinitivstypar er for mykje, men vi er uroa over at fjerning av kløyvd infinitiv vert ei for dramatisk svekking av talemålsgrunnlaget. Det kan vere mogleg å «få i både pose og sekk» her dersom ein i staden for å ha kløyvd infinitiv som eit tredje alternativ, fjernar kravet om konsekvent *a-* eller *e-*infinitiv. Delar av fagmiljøet kunne ønskt seg at kravet om konsekvens blei svekt på dette punktet.

Andre fryktar at noko slikt vil føre til kaos i språkbruken, og meiner det er ønskjeleg med berre *a-* og *e-*infinitiv med konsekvenskrav.

3.4.2 Presens på [-er] av sterke verb

3.4.3 Perfektum partisipp av sterke verb på -i

Vi stør framlegga frå nemnda på desse punkta.

3.4.4 Refleksiv- og passivformer på [-s]

Det er ulike syn på dette.

Delar av fagmiljøet meiner at den låge frekvensen til former på -s tilseier at dei bør strykast. Den mest frekvente forma er infinitiv på -ast, og varianten -as er svært lite nytta.

Andre meiner at dette er ei uønskt svekking av talemålsgrunnlaget; formene på -s er vidt utbreidde og breier seg vidare i talemåla. Etter dette synet vert det lagt for stor vekt på skriftradisjonen her.

3.4.5 Sterke og svake verb med kort og lang form i infinitiv og andre dobbelformer

3.4.5.a Kort eller lang form i infinitiv av ein del sterke og svake verb

3.4.5.b Valfridom mellom sterk og svak form i presens og perfektum partisipp ...

3.4.5.c Sluttkonsonant i preteritum av ein del sterke verb

Vi stør framlegga frå nemnda på desse punkta.

Manglande moment i innstillinga (pkt. 3.4.5.a): Det er ikkje sagt noko om passiv infinitiv og avleidde verbalsubstantiv. Konsonanten skal vel bevarast i slike ord: *bedast, bladast* osv., *dragast, latast, takast*; *beding, blading* osv., *draging, taking*. Dette må fastsetjast, slik at norma vert klar.

3.4.5.d Valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på -0, -d, -g, -v

Her synest det som det manglar ei spesifisering av at det gjeld stammar med vokal pluss -d, -g, -v. Regelen som er formulert her, skal ikkje gjelde for stammar som endar på

konsonantgruppe, t.d. *senda–sendt* (ikkje (*har*) *send*), *steng(j)a–stengt* (ikkje (*har*) *stengd*), jf. pkt. 3.4.8.

Delar av fagmiljøet synest innstramma her går for langt, medan andre stør framlegget frå nemnda.

3.4.6 Nokre tradisjonelle verbformer

Vi stør alle framlegga frå nemnda innanfor dette punktet.

3.4.7 Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

Delar av fagmiljøet meiner at innstramma her går for langt, medan andre stør framlegget frå nemnda.

Vi oppmodar nemnda om å vurdere å tillate *-te* for *j*-verb med stammeutlyd som gjev *-te* i andre klassar av svake verb: *-l*, *-n* og *-r*, t.d. *valde/valte*, *vande/vante*, *spurde/spurte*.

3.4.8 *[-d]*-bortfall perfektum partisipp etter *har*

Vi stør framlegget frå nemnda.

3.4.9 Bøying av nokre enkeltverb

Generelt bør ein vere nokså liberal med å tillate *a*-bøying av enkeltverb der slik bøying er utbreidd i talemåla og i skrift, ettersom dette er den produktive bøyingsklassen for verb.

Dersom det vert tillate med *a*-bøying av *svekkja*, må det òg bli det for *dekka*. Dei er lydleg parallelle, og *a*-bøying av *dekka* er svært mykje brukt.

Vi meiner at ein òg bør kunne tillate *a*-bøying for *forlenga*, *styrka* og *løn(n)a*.

Vi forstår ikkje at nemnda vil innføre *skyla* med enkel *l* som alternativ til *skylja*. Etter vårt syn vil det vere meir tenleg med *skylla* eller å la *skylja* stå åleine.

Revidert bøying av verba *setja* og *sitja* bør førast over hit frå pkt. 2.2.1.

3.5 Samsvarsbøying

Manglande moment i innstillinga:

(a) Det må seiast eksplisitt at ubunde hokjønn eintal på *-i* ved sterke verb (*ei frosi kake*) går ut av rettskrivinga (dersom *i*-målet elles går ut).

(b) Det er ikkje sagt noko om bunden form av partisippet. Den må vere lik fleirtal, t.d. *den frosne fisken*, *den løynde/løynte pakken*.

3.5.1 Samsvarsbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling

Vi stør framlegget frå nemnda.

3.5.2 Samsvarsbøying av svake partisipp av sterke verb

Formuleringa er for generell slik ho står: Det må stå at regelen gjeld i predikativ stilling, for partisippa må samsvarsbøyast i attributiv stilling, t.d. *nyleg slåtte enger*.

Det må fastsetjast kva former *sett* får i attributiv stilling; skal *sedd(e)* gå ut?

Vi stør elles framlegget frå nemnda.

Vedlegg 5 *E*-verb med stammeutgang på *-n*

Merknader:

(a) *Godkjenna* er oppført med preteritum *-a* el. *-te*, det skal ha *-de*, som *kjenna*.

(b) *Eina* og *foreina* er berre oppførte med preteritum på *-te*, medan *sameina* står med *-a* el. *-te*.

Alle har *-a* el. *-te* no, og slik må det framleis vere.

(c) Vi meiner at verbet *løn(n)a* bør kunne ha *a*-bøying, jf. pkt. 3.4.9.

Alternativ til pronomenet *de–dykk* og possessivet *dykkar*

Torodd Kinn

Førsteamanuensis i nordisk språkvitskap

Universitetet i Bergen

Februar 2011

Dette er ei utgreiing om kva alternative former til pronomenet *de–dykk* og possessivet *dykkar* som kan eigne seg best i ei ny nynorsk rettskriving.¹

Det går fram av innstillinga (s. 149) at rettskrivingsnemnda har fått framlegg om å ta inn skriftformer som representerer talemålsformer med kort *å*-lyd. Førebels har ein ikkje gått inn for det. Konklusjonen nedanfor er at det er gode grunnar til å tillate *dokker* som subjekts- og objektsform og *dokkers* som possessiv.²

Papazian (2008) er den mest oppdaterte publiserte oversikta over kva former som vert nytta av pronomenet og possessivet i andre person fleirtal.³ Utgreiinga byggjer i hovudsak på den artikkelen, men eg har òg brukt *Norsk Ordbok*, grammatikkane til Aasen (1848, 1864), Elstad (1982), Jahr (1990) og Skjekkeland (2005) og hatt nytte av denne nettsida til Øystein A. Vangsnes: www.forskning.no/blog/vangsnes/270327.

Kva er grunnane til å innføre alternative former?

Det er fleire grunnar til å innføre alternativ til *de–dykk* og *dykkar*.

1. Subjektsforma *de* er svakt skild frå to andre pronomen: *det* og *dei*. Anten det er snakk om nynorsk leseuttale eller dei talemåla som har ei slik form, er den vanlegaste uttalen /de:/, slik at det er lydleg samanfall med *det*. Ein annan vanleg uttale er /di:/, som òg er ein vanleg uttale av *dei* i talemåla, inkl. bokmålsnære talemål. Forma *de* er såleis systematisk noko dysfunksjonell og forvirrande for urøynde nynorskbrukarar, jf. innlegg ved Lars S.

Vikør på høyringsmøtet i Språkrådet 21. februar i år.

¹ I ei sak som denne er det naturleg å spørje kva forfatternen si eiga interesse er. Eg har alltid brukt nynorsk så sant eg har hatt høve til det, og har lenge ønskt meg alternativ til *de* og særleg *dykk* og *dykkar*. Dersom det vert innført former med *o*, vil eg ta dei i bruk. Eg er oppvaksen i Ytre Sunnfjord og bruker *dåkke* som både subjekts- og objektsform og *dåkka* som possessiv. Den eldre generasjonen heime har *de* som subjektsform, men forma er på veg ut. Den yngre generasjonen har teke i bruk ulike former med *-s* som possessiv, slik at ein i tillegg til *dåkka* høyrer *dåkkas*, *dåkkes*, *dåkkis*. Når eg nedanfor primært fremjar *dokker* og *dokkers*, er det altså ikkje mine eigne talemålsformer, men eg vil bruke dei dersom dei kjem inn i norma.

² I former som er meinte som skriftlege, er *o* i nytta for kort *å*-lyd i denne utgreiinga, medan *å* er brukt for å gje att talemålsformene.

³ Papazian reknar ubøyelege possessiv som genitiv av pronomenet. Her er det gjeve førerang til syntaktiske ordklassekriterium, slik at dei vert rekna som possessive determinativ.

2. Forma *dykkar* finst knapt i eitt einaste talemål. Forma *dykk* er registrert for Mykland (i Froland i Aust-Agder) i *Norsk Ordbok*, men Papazian (s. 81) tviler på om forma finst i det heile no. Talemålsgrunnlaget er såleis svært svakt, jamvel om det finst andre variantar med *y*, som t.d. *dykkån* (possessiv) og *dykke* (pronomen) i Telemark og Agder.

3. Skiljet mellom subjekts- og objektsform har stadig svakare talemålsgrunnlag. Det er forsvunne i store delar av landet og er på raskt vikande front der det framleis finst. Det er alle stader objektsforma som overtek som subjektsform. Dette er i ferd med å skje, der det ikkje alt er gjennomført, svært mange stader i det nynorske kjerneområdet, og utanfor. Systemavstanden mellom nynorsknorma og mange talemål fører til ein del feil bruk av formene, så å seie alltid ved at *dykk* vert brukt som subjekt.

3. Dei *y*-haldige formene *dykk* og *dykkar* er upopulære i store grupper av språkbrukarar, anten nynorsk er hovudmål eller sidemål. Dette er velkjent, og det kom svært tydeleg til uttrykk i innlegga til fleire av deltakarane på høyringsmøtet. Fleire røynde og ihuga nynorskbrukarar gav uttrykk for sterke kjensler mot forma *dykk*.

Grunnen til at *dykk* og *dykkar* er mislikte av så mange, heng saman med bruksområdet for personlege pronomen i andre person. Første- og andrepersonspronomen vert svært ofte nytta i personleg og privat kommunikasjon – dei er dei typiske personlege pronomena (meir enn dei i tredje person). Avstand mellom tale og skrift vert særleg problematisk for slike ord, fordi det for mange kjennest upersonleg å bruke markert skriftspråklege former. Dette fører til at det vert kjenslemessig vanskeleg å skrive nynorsk i visse samanhengar.

Unngåing og omskriving innanfor norma er vanlege konsekvensar av motviljen mot *dykk* og *dykkar*. Men den alvorlegaste konsekvensen for nynorsken som daglegsspråk er at mange tyr til dialektformer i staden. Dette er eit domenetap for nynorsken i den privatspråklege sfæren, og det er etter mi vurdering den viktigaste grunnen til å innføre alternativ til *de-dykk* og *dykkar*.

Det er ingen som helst tvil om at det ville glede svært mange nynorskbrukarar om dei fekk høve til å bruke andre former som ligg nærare talemålet deira.

Kva er grunnane til å halde fast ved *de-dykk* og *dykkar* som eineformer?

1. Ein kan sjølv sagt ikkje stengje ute dei gamle formene om ein tillèt nye. Det må altså verte tale om ny valfridom. I ei reform der innstramming står sentralt, kan dette oppfattast som problematisk.

2. Det er ikkje eitt sett av landsdekkjande alternative former som peiker seg klart ut som opplagde val. I tillegg til *de-dykk* og *dykkar* og sjølv sagt *dere* (og andre former med *d-r-*)

finst det ei mengd ulike former, i all hovudsak av typen *d-k(k)*-. Forma på possessivet varierer likeins mykje. Det er såleis visse vanskar med å velje former.

Alternativ til berre *dykk* og *dykkar*, eller til *de* òg?

Det at det særleg er *y*-formene *dykk* og *dykkar* som er upopulære og har svakt talemålsgrunnlag, taler for at det framfor alt er dei det trengst alternativ til. Men pronomenet *de* og skiljet mellom subjekts- og objektsform er som nemnt på raskt vikande front i talemåla. Dersom ein først gjer noka endring i rettskrivinga for andre person fleirtal, er det klart mest framtidsretta å la endringa gjelde subjektsforma òg, slik at systemet i rettskrivinga passar til dei fleste talemåla.

Kva alternative former er det best å velje?

Når ein skal vurdere ulike alternativ til *de-dykk* og *dykkar*, er det særleg tre spørsmål viktige:

1. Kva former er mest utbreidde i talemåla, målt i folketal og areal?
2. Kva former er det best grunn til å tru at kan verte tekne i bruk?
3. Kva former er språkssystematisk mest tenlege?

Kva former av pronomenet er mest utbreidde?

Både subjekts- og objektsformene kan delast inn i tre typar på lydleg grunnlag. Alle byrjar på *dV(:)*-, altså *d* pluss kort/lang vokal. Dei tre typane er (a) former som sluttar med den første vokalen (*V*-former), (b) former som har *k* etter vokalen (*k*-former) og (c) former som har *r* etter vokalen (*r*-former). *K*-former og *r*-former kan vere fleirstava, dvs. ha ein ny vokal og ev. ein konsonant etter *k/r*. Det finst (eller har inntil nyleg funnest) seks ulike system for kombinasjon av pronomentypene. Dei er sette opp i tabell 1.

Det er berre system 1, 2 og 6 som kan seiast å vere levande i yngre talemål. Innanfor type 6 er forma *dere* etter kvart heilt dominerande overfor former som *dår* og *dør(e)*.

Utbreiinga er stor i folketal, mindre i areal. System 2 er på raskt vikande front. Det er færre og færre unge som bruker det, og ingen yngre bymål har det. Subjektsforma er *de*, *di* eller *dø*.

Objektsformene i system 2 og eineformene i system 1 er *k*-former.

Vi skal sjå nærare på korleis *k*-formene fordeler seg med omsyn til vokalen mellom *d*-en og *k*-en. Det finst former med *e* (*æ*), *i*, *y*, *ø*, *å* (*ò*) og *u*; det vert ikkje gjort noko forsøk på å

skilje mellom *e* og *æ* eller mellom *å* og *ò* her. Tabell 2 syner utbreiinga av dei ulike vokalismane i fylka; Oslo, Vestfold og Østfold har ikkje *k*-former.⁴

	Subjekt	Objekt	Døme	Utbreiing og spreing/minking
System 1	<i>k</i> -form	= <i>k</i> -form	<i>dokk-dokk</i> <i>dokker-</i> <i>dokker</i>	heile Nord-Noreg, ein god del av Trøndelag, indre Nordmøre, ytre Vest-Agder, Gudbrandsdalen, det meste av Nord-Østerdalen, alle bymål langs kysten frå Vest-Agder (vest for Mandal) til Finnmark; <u>ser ut til å ta over dei fleste område med system 2</u> , bortsett frå nokre område der det kjem i konkurranse med system 6
System 2	V-form	≠ <i>k</i> -form	<i>di-dokk</i> <i>de-døkk</i>	(eldre) bygdemål i ein god del av Trøndelag, det meste av Møre og Romsdal, heile Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, indre Agder, indre Telemark, det meste av Austlandet utanom Oslofjord-området; ikkje brukt i noko moderne bymål; <u>i ferd med å verte fortrent av system 1 dei fleste stader</u> , nokre stader av system 6
System 3	V-form	≠ V-form	<i>de-dò</i>	eldre mål i delar av Nord-Østerdalen, stort sett <u>fortrent</u> av system 2 og 6
System 4	V-form	= V-form	<i>dø-dø</i>	eldre mål i Midt-Østerdalen og delar av Solør, stort sett <u>fortrent</u> av system 2 og 6
System 5	V-form	≠ <i>r</i> -form	<i>di-dere</i> <i>di-dår</i>	eldre mål i distrikta rundt Oslofjorden og kysten til Telemark, <u>i ferd med å verte fortrent av system 6</u>
System 6	<i>r</i> -form	= <i>r</i> -form	<i>dere-dere</i>	nyare mål i distrikta rundt Oslofjorden og kysten av Sørlandet vest til Mandal, somme varietetar av bytalemål elles, <u>spreier seg på Austlandet og Sørlandet</u>

Tabell 1. System for pronomen i andre person fleirtal

	<i>e</i>	<i>i</i>	<i>y</i>	<i>ø</i>	<i>u</i>	<i>å</i>
Finnmark						X
Troms						X
Nordland				x		X
Trøndelag						X
Møre og Romsdal				x		X
Sogn og Fjordane	x	x				X
Hordaland	x					X
Rogaland						X
Agder	x	x	x	x	x	x
Telemark	x	x	x	x		
Buskerud	x	x				
Oppland	x	x		x		
Hedmark	x	x		x		
Akershus	x	x				

Tabell 2. Vokalen mellom *d* og *k(k)* i *k*-former

	<i>0</i>	<i>-V</i>	<i>-Vn</i>	<i>-Vr</i>
Finnmark	x			X
Troms	x			X
Nordland	x			X
Trøndelag	x			x
Møre og Romsdal	x	x		x
Sogn og Fjordane		X		
Hordaland		x	x	x
Rogaland		x	x	x
Vest-Agder		x		

Tabell 3. Slutt delen av pronomen med *-åk(k)*- (t.d. *dåkk*, *dåkke*, *dåkken*, *dåkker*)

⁴ Det har vore vanskeleg å sortere informasjonen for Trøndelags- og Agder-fylka, så dei er stort sett slått saman parvis. Ein stor X syner at vokalismen er klart dominerande i fylket, ein liten x at han finst som mindre utbreidd variant eller som éin av fleire som eg ikkje torer å rangere.

Former med *y* er berre brukte i Telemark og Agder, men det er senking til *ø* i større område på Austlandet. Papazian (s. 81–82) seier at det er usikkert om forma *dykk* finst i noko talemål i det heile (i motsetnad til *dykke(n)*, *dykkån*, *dykko*); *Norsk Ordbok* har som nemnt *dykk* vsa. *dykke* for Mykland. Aasen nemner ikkje *dykk* som talemålsform i nokon av grammatikkane sine. Avrunding til *i* og senking til *e* er i hovudsak å finne i indre målføre. Vokalen *u* finst berre i Åseral i Vest-Agder. Formene med *å* må vere analogisk danna etter vokalen i første person dualis, jf. Rogalands- og Agder-forma *åkke* for *oss*. Dei finst i Agder og er dominerande frå Rogaland og nord til Finnmark. Når det finst former med *ø* i Møre og Romsdal og Nordland, er dei nok utvikla frå ein *å*-lyd og ikkje frå *y*. Såleis er det klart at former med *å* dominerer mellom *k*-formene og finst i alle landsdelar med unntak av Austlandet.

Går vi nærare inn på klassen med *-åk(k)-*, er det naturleg med ei firdeling i (a) einstavingsforma *dåkk* og (b) tostava former som sluttar på vokal (*dåk(k)e*, *dåka*, *dåk(k)o*, *dåkkå*), (c) på vokal + *n* (*dåk(k)en*, *dåkan*) og (d) på vokal + *r* (*dåkker*, *dåkkar*, *dåkkår*).⁵ Fordelinga er vist i tabell 3. Formene på *-n* har ei klar sørvestlandsk tilhøyrslse. Formene *dåkk* og *dåk(k)e* har òg kvar sitt nokså regionsavgrensa preg; einstavingsforma er brukt i ulike område sør til Romsdal, medan tostavingsformene utan konsonant til slutt er å finne på strekninga frå Vest-Agder til Nordmøre. Derimot er formene på *-r* temmeleg overregionale; dei finst i dei fleste fylke frå Finnmark til Rogaland. Særleg kan ein merke seg at *dåkker* er brukt både i det meste av Nord-Noreg inkl. (alle?) byane og i folkerike byar lenger sør som Trondheim, Kristiansund, Molde, Bergen (uttale: [²døkæ] med skarre-*r*-farging av *e*-en), Haugesund ([²døkæ]) og Stavanger/Sandnes ([¹døkæ]). At *dåkker* er brukt i byane langs store delar av kysten, syner at forma må ha spreidd seg mykje i løpet av dei siste generasjonane.

Oppsummeringsvis kan ein seie at system 1 (typen *dokk–dokk*) og system 6 (typen *dere–dere*) er dei klart dominerande i yngre språk på landsbasis, og dei er einerådande i bymåla. I kjerneområdet for nynorsken er system 1 raskt i ferd med å fortrenge system 2 (typen *di–dokk*).

⁵ Liknande former finst ved andre førstevokalar òg.

Kva former av possessiv med k er mest utbreidde?

Forma *dykkar* finst, så vidt eg kan sjå, ikkje som talemålsform korkje hos Papazian, i *Norsk Ordbok* eller i grammatikkane til Aasen, så det verkar som ho er ikkje-eksisterande i talemåla.

Ein del talemål på Austlandet med *k*-form av pronomenet har ei form utan *k* av possessivet, men målføra elles i landet har *k* i possessivet òg. Possessivet kan vere einstava (dvs. *dåkk*, visst berre i eit område i Sør-Trøndelag), men har så å seie alle stader ei staving til. Tostava possessiv kan ende på vokalen eller ha diverse konsonantutgangar. I tabell 4 har eg registrert dei *k*-possessivvariantane som Papazian nemner.⁶

	0	-V	-Vr	-Vn	-Vs	-Vrs	-Vns
Finnmark						X	
Troms						X	
Nordland						X	
Trøndelag	x	x			x	x	
Møre og Romsdal		x	x		x	x	
Sogn og Fjordane		X			x		
Hordaland		x		x	x	x	x
Rogaland		x			x	x	
Agder*		x	x	x	x	x	x
Telemark				x	x		x
Buskerud		x		x	x		x
Oppland		x	x	x	x	x	

Tabell 4. Utgangen på possessiv med *k*. *Dessutan *dåkkarses*.

Variasjonen er stor, men den vidaste geografiske utbreiinga har former på *-rs*, som *dåkkers*. Denne forma er, liksom pronomenet *dåkker*, brukt i byar langs kysten frå Finnmark til Stavanger/Sandnes (om ikkje endå lenger sør). Det er elles ingen tvil om at former med *-s* generelt må vere i sterk frammarsj. Det er ei naturleg utvikling, ettersom *-s* er ein tydeleg markør av eigeforma.

Kva former kan verte tekne i bruk?

Dette er det sjølvsagt vanskeleg å seie noko sikkert om når ein (så vidt eg veit) ikkje har pålitande undersøkingar av språkbrukarane sine ønske å byggje på.

Men det er god grunn til å tru at både *dokker*, *dokke* og *dokk* (skrivne med *o*) er former som kan verte aksepterte av mange, ettersom motstanden mot *dykk* er så sterk. For ein del

⁶ Nokre få dialektar har (hatt) samsvarsbygdd possessiv, jf. Papazian (s. 73), men dei fleste (no alle?) stader er det ubøyeleg.

språkbrukarar vil nesten kva form som helst som representerer ein uttale med *å*-lyd, vere å føretrekkje.

For mange nynorskbrukarar i kjerneområdet vil nok *dokke* opplevast som den beste av dei tre formene, fordi dei har *dåkke* eller *dåke* i talemålet sitt.

Samtidig er *dokker* ei form som er godt kjend i mykje av landet; ho vert ikkje sedd på som rar eller gammaldags, ettersom ho har vore i framgang i bytalemåla. Nynorskbrukarar i store delar av det området som har *dåk(k)e*, er vande med at mange ord (fleirtal av substantiv, presens av verb m.m.) endar på *-r* i skrift, men ikkje i talemålet. Såleis vil *dokker* i skrift vs. *dåkke* i tale føye seg inn i eit kjent mønster for mange vestlendingar.

For nynorskbrukarar flest vil det nok kjennast noko mindre naturleg å skrive *dokk*. Forma har ei staving mindre enn dei formene som er vanlege der dei fleste nynorskbrukarane bur. Det kan hevdast at det talar for forma at ho er kort og skil seg lite frå *dykk*, men det er òg mogleg at det siste tvert om talar mot forma.

For språkbrukarar som seier *dåkk*, er det ein viss avstand til *dokker*. *Dåkk* er noko nytta i Nord-Noreg, men *dåkker* er den mest utbreidde forma i landsdelen. *Dåkk* er òg mykje nytta i Trøndelag, men her har Trondheim *dåkker*. Såleis er det grunn til å tru at *dokker* kan vere eit akseptabelt val for nordlendingar og trønderar.

Kva former er språkssystematisk mest tenlege?

Med omsyn til bruk som subjekts- og objektsform er det ingen skilnad mellom *dokker*, *dokke* og *dokk*: Alle er like brukelege.

Men med omsyn til det avleidde possessivet er dei ikkje heilt likeverdige. Dersom ein tek i bruk *dokker* som pronomen, er det berre eitt aktuelt possessiv: *dokkers*. Det er ei enkel danning av ein type som er produktiv i moderne norsk, og det er ei tydeleg eigeform.

Om ein vel *dokke* eller *dokk*, kan fleire possessivvariantar vere moglege, t.d. *dokkar*, *dokkes* eller *dokkers*. Dette gjer dei pronomenformene litt meir problematiske i eit systemperspektiv enn *dokker*.

Stavemåten

Dersom ein innfører pronomen og possessiv med kort *å*-lyd, bør dei skrivast med *o*, altså t.d. *dokker* og *dokkers*. Slik stavemåte er normalregelen; dei einaste orda med skriftbiletet *-åkk-* i *Nynorskordboka* er *tråkk*, *tråkke* og *tåkke*, som er avleiingar av ord med *å* (*trå* og *tå*), pluss nokre samansetjingar der det er morfemgrense mellom *k*-ane. Det er heller ingen etymologisk grunn til å bruke *å* i dette tilfellet, for *å*-lyden er høgst sannsynleg henta analogisk frå første

person dualis, jf. norrønt *okkr*. Den einaste ulempa med stavemåten *dokker* er homonymi med ubestemt fleirtal av substantivet *dokke*, men det kan ikkje vere noka vesentleg innvending mot stavemåten med *o*.

Heimling i mandatet

Det er god heimel i mandatet for å innføre *dokker* og *dokkers* som alternativ til *de-dykk* og *dykkar*.

I punkt 1 i mandatet står det at den nye norma skal vere «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk». Norma vert neppe så mykje mindre tydeleg om ein tillèt *dokker* og *dokkers*, og det er unekteleg enklare med éi form av pronomenet enn to – men norma vert mindre stram på akkurat dette punktet.

Punkt 2 i mandatet seier at det skal verte «lettare å vera nynorskbrukar». Mange nynorskbrukarar vil finne det enklare å bruke *dokker* i staden for *de-dykk* i den forstand at det er enklare å ikkje skilje mellom subjekts- og objektsform når ein ikkje har skiljet i talemålet sitt. Dessutan – og det er viktigare – vil det for mange opplevast som mindre belastande å halde seg til nynorsk rettskriving i privat og personleg kommunikasjon dersom dei slepp å skrive *dykk* og *dykkar*. Punktet set opp som mål at norma skal verte «stabil over tid». Dersom ein held fast ved *de-dykk* og *dykkar*, held ein fast ved former og eit system som har raskt minkande oppslutnad. Som nemnt er det uklart om *dykk* og *dykkar* eksisterer som talemålsformer i det heile. I så fall er norma stabil, men ein må rekne med at språkbruken vil avvike frå nynorsknorma stadig oftare. U populære former i norma fremjar domenetap for nynorsken i privat språkbruk.

I punkt 3 står det at nynorsken framleis skal «appellera til språkbrukarar over heile landet». På dette punktet fell dei tradisjonelle formene igjennom. Dei appellerer i liten grad til nynorskbrukarar flest; tvert om er dei til dels sterkt mislikte. Norma skal gje rom for «former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar». Former som *dokker* og *dokkers* er naturlegvis ikkje frekvente i nynorsk skriftspråkstradisjon, ettersom dei ikkje har vore tillatne som del av norma. Men dei tilfredsstillar i høgare grad enn *de-dykk* og *dykkar* kriteria som elles er sette fram i dette mandatpunktet: Dei har «[b]reitt talemålsgrunnlag», dei er «mykje brukte», og dei har god «geografisk spreiding».

Konklusjon

Det vil styrkje nynorsken om ein tillèt *o*-haldige alternativ til *de-dykk* og *dykkar*. *Dokker* og *dokkers* er best eigna.

Særleg *dykk* og *dykkar* er upopulære og fører til unngåing og bruk av dialekt i staden for nynorsk. Dei finst knapt i talemåla. Forma *de* er ikkje så upopulær, men skiljet mellom subjekts- og objektsform har sviktande talemålsgrunnlag, slik at former med *k* vert brukte i subjektsfunksjon òg.

Det byr på visse vanskar å velje alternative former, men *dokker* som pronomen (både subjekts- og objektsform) og *dokkers* som possessiv synest å vere det beste valet. *Dokker* har i høgre grad enn dei mest aktuelle konkurrentane (*dokke* og *dokk*) ein overregional posisjon. Denne forma har òg den føremonen at det ikkje er tvil om kva possessiv ho må kombinerast med; det må vere *dokkers*. For *dokke* og *dokk* er det fleire moglege possessiv. Ei possessivform på *-s* er tydeleg, og slike former får stadig vidare talemålsutbreiing for dette possessivet og andre (t.d. *våres*). *Dåkker* med *-r* er ikkje svært mykje brukt i kjerneområdet for nynorsken (*dåkke* og *dåke* er vanlegare), men i mykje av dette området er språkbruket fortrulege med å skrive *-r* der ordet sluttar på vokal i talemålet (t.d. *gutar* og *heiter* i skrift der dialekten har *guta* og *heite*). Skriftforma *dokker* som representasjon av talemålsformer som *dåkke* føyer seg dermed inn i eit kjent system for tilhøvet mellom skrift og tale.

Litteratur

- Elstad, Kåre. 1982. «Nordnorske dialektar». Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.), *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*, s. 9–100. Oslo.
- Jahr, Ernst Håkon (red.). 1990. *Den store dialektboka*. Oslo.
- Norsk Ordbok*, bd. 1 og 2. 1966 og 1978. Oslo.
- Papazian, Eric. 2008. «De – dykk – dere. Andre person flertall i nordisk, særlig norsk». *Maal og Minne* (1): 69–97.
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Kristiania.

Fra: Torodd Kinn [mailto:Torodd.Kinn@lle.uib.no]
Sendt: ma 28.02.2011 11:07
Til: Nynorsknemnda
Emne: Ei retting

eller presisering: I høyringsfråsegna frå LLE/UiB står dette på s. 8:

"Formsystemet *dokker–dokter* og *dokkers* er der vurdert som det best eigna alternativet til *de–dykk* og *dykkar* i ei ny nynorsknorm. Det er overregionalt (godt representert i Nord-Noreg og Trøndelag, på Vestlandet og i Vest-Agder) og er ekspansivt i moderne norske talemål, og formene er tydelege."

Dette kan tolkast slik at former med *-r* er vanlege i pronomenet i Vest-Agder. Det er det nok ikkje grunnlag for å hevde.

Helsing Torodd Kinn

--

Torodd Kinn, *dr. art.*
førsteamanuensis i nordisk språkvitskap
telefon: (+47) 555 88 44 9
post: LLE, Universitetet i Bergen,
Postboks 7805, NO-5020 Bergen
kontor: HF-bygget, Sydneplass 7, rom 410